

Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest

Sakshandsamar: Geir Martin Kvamme

Telefon: 90513677

Vår referanse: 18/11559

Dykkar  
referanse:

Dato: 21.09.2018

## Melding om notstykke ved molo på Husøyvegen i Lindås kommune

Vi viser til vedlagte saksdokumenter i samband med melding av funn av notstykker i molo ved Hosøyvegen i Lindås kommune. Så langt vi kan sjå er det truleg ikkje reiskap som har vært nytta til fiske, men kan muligens ha vært nytta innan oppdrett (muligens gamal orrkastnot).

Me har ut frå merkelappane prøvd å spore opp mogeleg eigar av notstykket, utan å lykkast. Det var delar av merkelappar på notstykkene som tydde på at dette var gamalt, mellom anna ut frå at det stod «(manglande namn og) Fiskeredskap» og fax. Nr. med retningsnummer til Austevoll (ikkje lengre i bruk), som tydde på at det kunne kome frå gamle «Rabben Fiskeredskap». Dette selskapet vart kjøpt opp i 2004 av Egersund Net.

Det stor også «Møkster» på eine lappen. Undeteikna valte i å ta kontakt med dei 2 oppdrettselskapa i området (Blom Fiskeoppdrett og Sjøtroll Havbruk), sjølv om det i utgangspunktet ikkje var noko som skulle tilseia at det var frå dei, men dei kjende kanskje lokale folk som visste noko meir. Sjøtroll Havbruk tok då kontakt med Egersund Net, men dei hadde dessverre ikkje den gamle programvaren tilgjengeleg lengre og det ville truleg ta tid og pengar å få fram det gamle arkivet igjen. Det dei kunne finne skriftlig i eldre bøker var at einaste «Møkster» kunde dei hadde i denne perioden (1995) var oppdrettsselskapet Møkster Fisk.

Sidan me i våre registre ikkje har nokon «Møkster Fisk» tok underteikna kontakt med ein oppdrettar på Møkster (Austevoll) for å høyre om han visste noko om dette selskapet. Han kunne fortelje at dette selskapet vart seldt kring 1997 til Kvernsmolt. Etter det eg kjenner til har dette selskapet seinare gått inn i Lerøy Vest systemet, men eg kan ikkje sjå at dei har hatt anlegg i nærleiken av Hosøyvegen i Lindås.

Så langt me kan sjå vert det vanskeleg å bevise kven som har hatt nota i «sin besittelse» dei seinare åra.

For å sjå om det var mogeleg å få fjerna notstykket tok Fiskeridirektoratet region vest kontakt med Fiskeridirektoratet sin sjøtjeneste, for å undersøkje om dei hadde moglegheit til å rydde opp med eit av sine fartøy, men det har dessverre synt seg vanskeleg å få dette inn i deira seglingsprogram.

Sidan det i utgangspunktet er kommunen som handhevar etter forureiningslova vert saka med dette sendt over til Lindås kommune.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Geir Martin Kvamme  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Lindås kommune

Felles postmottak  
Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ

**Vedlegg**

Vedrørende funnet notstykke i Hosøyvegen

SV førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)SV førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)

Etterlyser svar i sak - funn av garn Hosøyvegen

Førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)

Kart over område Hindenesfjorden.

IMG\_20180722\_134654 (L)(2552577).pdf3

IMG\_20180722\_134620 (L)(2552578).pdf2

IMG\_20180722\_134747 (L)(2552580).pdf.1

Funnet fiskredskaper i Lindås (L)(2552579)

Førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)Førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)Førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)Førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)Førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved  
Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)

Kart over område Hindenesfjorden.

IMG\_20180722\_134654 (L)(2552577).pdf3

IMG\_20180722\_134620 (L)(2552578).pdf2

IMG\_20180722\_134747 (L)(2552580).pdf.1

Funnet fiskredskaper i Lindås (L)(2552579)

Funnet fiskredskaper i Lindås

IMG\_20180722\_134747

IMG\_20180722\_134620

**Vedlegg**

IMG\_20180722\_134654